



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3983 - 17/16256

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
02.06.2017

## Kommuneplanen sin samfunnsdel – høyring og offentleg ettersyn

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakrarar:

Statens Vegvesen region vest, Hordaland fylkeskommune, BKK Nett AS, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen og Omland Hamnevesen, Kystverket, Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap, Skyss AS, Telenor Servicesenter for nettutbygging, Hordaland Politidistrikt, Norges Vassdrags- og energidirektorat, Miljødirektoratet, Direktoratet for mineralforvaltning, Austrheim kommune, Radøy kommune, Meland kommune, Masfjorden kommune, Fiskeridirektoratet region Vest, Fiskarlaget Vest

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
059/17	Formannskapet	PS	01.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Thuen Waage	15/3983

## Kommuneplanen sin samfunnsdel – høyring og offentlig ettersyn

### Vedlegg :

Arbeidsdokument til styringsgruppa\_090517FO sak 41-17 Kommuneplanen sin samfunnsdel – høyring og offentlig ettersyn  
Utfordringsnotat Helsetilstand+og+påvirkningsfaktorer+Lindås+kommune  
Samfunnsdelen\_høyringsutkastKO vedlegg - Kommunal planstrategi og planprogram samfunnsdelen\_Høyringsdokument 12.mai 2016  
NYTT VEDLEGG Referat\_styringsgruppa til samfunnsdelen\_290517NYTT VEDLEGG Referat\_administrativ styringsgruppe\_300517

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I samsvar med plan- og bygningsloven § 11-14, blir kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i åtte veker frå 2. juni 2017.

.....

### Formannskapet - 059/17

#### FO - behandling:

Rådmann la fram endringsframlegg:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningsloven § 11-14, blir kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i åtte veker frå 2. juni 2017.

Rådmannen legg fram framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel med følgjande endringar:

Hovudtema	Strategi og tema	Ny formulering
Regionsenterutvikling	Strategi 4 – grøntområder	Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum
Regionsenterutvikling	Strategi 6 – E39	Arbeide for å flytte E39 utanfor Knarvik sentrum
Regionsenterutvikling	Strategi 7 – parkering (NY)	Leggje til rette for parkering under bakken, i gåavstand til

		naturlege sentrumstilbod
Attraktive nærmiljø	Strategi 22 – fortetting	Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod.
Attraktive nærmiljø	Strategi 25 – gang og sykkelveg	Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa
Attraktive nærmiljø	Strategi 26 – bustadtypar	Sikre varierte bustadtypar i alle utbyggingsprosjekt
Attraktive nærmiljø	Strategi 29 – digital infrastruktur	Leggje til rette for digital infrastruktur der folk flest bur og ferdast innan 2030
Kultur og frivillig arbeid	Strategi 38 - frivillighetsentral	Satse på frivillighetsentralen som kommunen sitt verktøy for å koordinere frivillig innsats
Kommunale tenester	Strategi 73 - arbeidsmiljø	Leggje til rette for eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø
Kommunale tenester	Strategi 76 – eigarskap til areal	Kommunen skal som hovudregel ha fullt eigarskap til areal, som kommunen skal bruke i eit langsiktig perspektiv

Framlegg frå fleirtalet, mindretalet, administrativ styringsgruppe og formannskapet:

### Tema 1: Regionsenterutvikling

	Innspel frå fleirtalet	Innspel frå mindretalet	Admin. styringsgruppe	Formannskapet 1/6
<b>Mål 1</b>	«Vi vil at regionsenteret skal vere ein attraktiv og levande by for heile Nordhordland.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 2		Endringsforslag frå Frp: «Sikre betre tilgang til strandsona.»		Framlegget fekk 1 røyst (A.Høgquist-Frp) og fall

Strategi 4	«Satse på og utvikle grøntområde i og rundt sentrum.» Ønskjer at adm ser på formuleringa.	Spørsmål frå Frp: Betyr det at vi kan ta vekk eit grøntområde og erstatte det med eit anna som har høgare kvalitet? Eller betyr det at vi skal ta vare på alle dagens grøntområde ?	«Utvikle grøntstrukturen i og rundt sentrum.»	Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 6/7	Det må inn noko om parkering... Ønskjer at adm lagar ei formulering.		Strategi 6: «Arbeide for å flytte E39 utanfor Knarvik sentrum»  Ny strategi: «Leggje til rette for parkering under bakken, i gåavstand til naturlege sentrumstilbod»	Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 8	«Arbeide aktivt for å utvikle Knarvik med tenestetilbod som naturleg høyrer heime i regionen.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 9	«Sikre offentlege areal for framtidig vekst og utvikling»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Mål 2	«Vi vil at regionsenteret skal vere eit regionalt knutepunkt for samferdsel og kollektivtransport.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 12	«Vi vil arbeide for å etablere raske og enkle kollektivalternativ mellom regionsenteret og Bergen, på sjø og land.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
NYTT MÅL	«Vi vil at Knarvik skal vere den viktigaste staden for regionale helsetenester nord for			Framlegget vart samrøystes vedteke.

	<b>Bergen sentrum</b> »			
NY STRATEGI	«arbeide for at fleire spesialisthelsetenester kjem til regionsenteret»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>Tema 2: Industri og næring</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
Strategi 15	«i hovudsak samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårene E39 og FV57.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 16	«bruke sjøen og kystlina i større grad til næringsretta aktivitet, med vekt på berekraftig utvikling og miljø.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 18	«Jobbe aktivt opp mot sentrale mynde for å sikre effektive og raske transportårer.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>NYTT MÅL</b>	«Vi vil at Lindås skal vere blant dei fremste på Vestlandet innanfor havbruk.» <i>Fleirtalet jobbar vidare med mål og strategiar – snakkar med Høgre før torsdag</i>			<i>Strategiar – sjå skriftleg framlegg</i> 1. Regulere og oppretthalde areal på land og sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarleg 2. Leggje til rette for å støtte teknologiutvikling innan havbruk. Framtidas behov til metodar, teknologi, kompetanse og leveranse 3. Arbeidde for å få eit teknologisenter for havbruk i kommunen i samarbeid med høgskule, universitet og industri <b>Framlegget vart samrøystes vedteke.</b>
<b>NYTT MÅL og NYE STRATEGIAR</b>	<i>Nytt mål – sjå skriftleg framlegg</i> Vi vil at Lindås skal vere ein attraktiv kommune for utvikling av fag- og kompetansesarbeidsplassar			<i>Nye strategiar – sjå skriftleg framlegg</i> 1. Knytte nærare band mot universitetet- og høgskulemiljø i Bergen 2. Leggje til rette for at

				<p>det kan byggjast lokale til kompetansearbeids plassar</p> <p>3. Leggje til rette for at unge blir verande i kommunen etter endt utdanning</p> <p>Framlegget vart samrøystes vedteke.</p>
<b>Tema 3: Attraktive nærmiljø</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
<b>Mål 4</b>	<b>«Vi vil ha gode, trygge og aktive nærmiljø som fremjar god helse.»</b>			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 22	«konsentrere nye bustadområde i Knarvik/Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleik til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod» Ber adm om å sjå på «fortetting»	Ber adm om å definere omgrepet «fortetting».	«auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod.»	Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 23	«leggje til rette for spreidd busetnad i eksisterande buområde og mindre bustadfelt»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 25	«sikre utbygging av gang- og sykkelveggar/fortau frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa» Fleirtalet stryker «heilskapleg» og ønskjer at adm i tillegg endrar formuleringa til «tryggje skuleveggar»	Endringsforslag frå Frp: Vil ha med formuleringa «der det er nødvendig...» Vil også starte med anna verb, arbeide for, i staden for sikre.	«sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa»	Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 26	«sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar og ulike økonomiske føresetnader» Ber adm sjekke om	Endringsforslag frå Frp: «Sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar	«sikre varierte bustadtypar i alle utbyggingsprosjekt»	Sikre variert bustadbygging til folk i ulike livsfasar. Framlegget vart samrøystes vedteke.

	«ulike økonomiske føresetnader» er dekket med temaet Livsmeistring og fellesskap. Kommentar frå adm: Blir ståande - sjå strategi 62.	i heile kommunen»		
Strategi 27 og 28	Ber adm om å slå saman eller presisere skilnaden på desse to strategiane		Administrativ styringsgruppe ønskjer å halde på formuleringane i utkastet, og foreslår ikkje ny formulering her.	Strategi 28 Leggje til rette for å bruke natur og friområde som ein kvalitet i og rundt bumiljøa  Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 29	«Leggje til rette for breiband og digital infrastruktur i heile kommunen med mål om 98 % dekning innan 2030.» Kan ikkje stå «i heile kommunen» og «98 %». Det blir sjølvmotsegjande. Ber adm om å sjå på formuleringa.		«leggje til rette for digital infrastruktur der folk flest bur og ferdast innan 2030»	Sveining Toft-V: «Leggje til rette for digital infrastruktur i heile kommunen»  Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 30	«Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og redusere omdisponering av matjord»  Fleirtalet jobbar vidare med ordval, «matjord» vs «landbruksareal».	Kommentar frå Frp Stor forskjell på å redusere omdisponering av landbruksareal og jordvern.	Administrativ styringsgruppe ønskjer å halde på formuleringane i utkastet: «Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og redusere omdisponering av landbruksareal.»	Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal  Framlegget vart samrøystes vedteke.
NYTT MÅL	«Vi vil utvikle nærsentra Lindås og Ostereidet vidare»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
NY STRATEGI	«Oppretthalde og vidareutvikle helse- og omsorgstenester er i nærsentra»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
NY STRATEGI	«Sikre at nærsentra har skule, barnehage og fritids- og servicetilbod»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
NY	Arbeide for at			Framlegget vart samrøystes

STRATEGI	tannklinikken på Lindås vert oppretthalde			vedteke.
<b>Tema 4: Kultur og frivillig arbeid</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
Strategi 33	«Utvikle kulturskulen og styrke kommunen sitt kultur- og fritidstilbod til barn og unge»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 35	«Ta vare på kulturminne, lokalt særpreg, språk og identitet»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 38 eller NY STRATEGI	<p><u>Kommentar frå fleirtalet:</u> Kan vi nemne at <u>Frivilligsentralen</u> er vårt verktøy for å leggje til rette for at frivillige kan bidra. Vi må ha ein kultur for å kunne ta imot den frivillige innsatsen. Korleis kan vi synleggjere at vi opnar opp for det og korleis skal vi koordinere det?</p> <p>ADM må foreslå ny strategi under mål 6 der det kjem fram at <u>Frivilligsentralen er vårt verktøy for å koordinere innsatsen til dei frivillige</u></p>		<u>Ny strategi</u> «Satse på Frivilligsentralen som kommunen sitt verktøy for å koordinere frivillig innsats»	Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>Tema 5: Klima og miljø</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
<b>Mål 7</b>	«Vi vil utvikle eit samfunn som er meir klima- og miljøvenleg og energieffektivt»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 40	«Sikre god gjenvinning og avfallshandtering.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 43	«Engasjere barn og ungdom i miljøarbeid»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 46		<u>Endringsforslag frå Frp:</u> «Byggje ut		Framlegget vart samrøystes vedteke.

		infrastruktur som <u>legg til rette</u> for mjuke trafikantar»		
Strategi 48	«Ha tydeleg omtale av miljø- og klimautfordringar i all planlegging»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>Mål 9</b>	<b>«Vi vil at Lindås kommune som organisasjon skal gå framfor som eit godt eksempel for å skape eit miljøvennleg og energieffektivt samfunn.»</b>			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 51	«Velje miljøvennlege transportløyser i kommunale tenester, der det er praktisk mogleg.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 53	Kommentar frå fleirtalet: Jobbar vidare med ei formulering som nemnar kommunalt vedlikehald.			«Bruke miljøvennlege materialar og energieffektive system i alle kommunale nybygg og i samband med rehabilitering og vedlikehald»  Framlegget vart samrøystes vedteke.
NY STRATEGI	«Vurdere desentraliserte tenestetilbod der det kan bidra til redusert bilbruk»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>Tema 6: Livsmeistring og fellesskap</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
<b>Mål 10</b>	<b>«Vi vil at innbyggjarane i Lindås kommune <u>opplever god livskvalitet og meistring i eigen kvardag</u>»</b>			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 55	Ønskjer å få med <u>tilrettelagte arbeidsplassar</u> . Fleirtalet vurderer ny formulering			«bidra til høg yrkesdeltaking og tilrettelagte aktivitetar»  Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 57	«Arbeide for at alle har			Framlegget vart samrøystes

	like moglegheiter til å delta på kultur-, aktivitets- og fritidstilbod.»			vedteke.
Strategi 58	OBS: Rett opp i trykkfeil «engasjere frivillige og etablere arenaer for sosialt fellesskap og deltaking»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 59	«Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 60	«Fremje folkehelse og styrke førebyggjande arbeid i alle sektorar»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 61	«Gi alle moglegheit til å bu heime og meistre eigen kvardag»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 63	OBS: Velferdsteknologi «Vere leiande innan velferdsteknologi, kvardagsmeistring og bustadtilpassing.»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>Tema 7: Kommunale tenester</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
Strategi 73	Reagerer på ordbruk, «meningsfylte og helsefremjande arbeidsoppgåver»  Kan adm sjå på formuleringane meningsfylte og helsefremjane..? Sjekk med kommuneoverlegen.		«leggje til rette for eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø»	Framlegget vart samrøystes vedteke.
Strategi 75	«Tilpasse driftsnivå, satsingar og vedlikehald for å skape rom for strategiske investeringar og satsingar»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
NY STRATEGI FRÅ ADM	«Sikre at kommunen i staden for å feste, skal eige tomtareal til offentlege føremål.»		«Kommunen som hovudregel skal ha fullt eigarskap til areal, som kommunen skal bruke i eit langsiktig perspektiv»	Framlegget vart samrøystes vedteke.

NY STRAT Inn etter 73	«Vidareutvikle kommunen som ein lærande organisasjon»			Framlegget vart samrøystes vedteke.
<b>Tema 8: Samfunnstryggleik og beredskap</b>				
	<b>Innspel frå fleirtalet</b>	<b>Innspel frå mindretalet</b>		
Strategi 76	«Arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik i samfunnet generelt og på tvers av sektorar/tenesteområde med relevante beredskapsaktørar»			Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over endringane punkt for punkt. Punkta med grøn farge vart vedteke Rådmannen sitt framlegg med endingar frå formannskapet og rådmann vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

I samsvar med plan- og bygningsloven § 11-14, blir kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i åtte veker frå 2. juni 2017.

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Vedlegga, dei 9 rapportane frå medverknadsprosess, finn du her:

<http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=1370&>

Møte formannskapet 16.03.2017.

#### Bakgrunn

I plan- og bygningsloven (pbl) § 11-1 står det at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. I den kommunale planstrategien for Lindås kommune, vedtatt 15.09.16, blei det vurdert at kommunen har behov for ein full revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit overordna og langsiktig styringsdokument, og planen er

kommunen sitt viktigaste verktoy for å leggje til rette for ønskt samfunnsutvikling. Pbl § 11-2 skildrar korleis kommuneplanen sin samfunnsdel skal byggast opp. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den bør også innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga av kommunen. Samfunnsdelen skal vere eit grunnlag for sektorane sine planar og kommunen si verksemd.

### **Langsiktige utfordringar og utviklingstrekk**

For å sikre kunnskap om langsiktige utfordringar og utviklingstrekk til kommunen, er det utarbeidd to hovuddokument som skal leggje grunnlag for overordna mål og strategiar i samfunnsdelen. Desse dokumenta er:

- eit utfordringsnotat, som vart laga i starten av arbeidet med planstrategien og planprogram for samfunnsdelen, og som skildrar utviklingstrekk til Lindås kommune (vedlegg 1)
- dokumentet «Helsetilstand og påverknadsfaktorar», som gir ei oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane i kommunen (vedlegg 2)

Desse dokumenta skildrar nokre utfordringar og utviklingstrekk i Lindås kommune, mellom anna:

- Kommunen har hatt noko høgare folketalsvekst enn snittet for fylket og landet. Det er venta vekst i alle aldersgrupper i åra framover.
- Størst folketalsauke i sentrale strom. Nokre av bygdene opplever fråflytting.
- Det er fleire som pendlar ut av Lindås enn motsett.
- Lindås er ein privatbilkommune.
- Låg del av befolkninga er innvandrarar.
- Låg del av befolkninga har høgare utdanning.
- Høg del oljerelaterte arbeidsplassar.
- Lite tilrettelagt næringsareal.
- Auke i arbeidsløyse.
- Høg del med unge på sosialstønad.
- Låg del med kvalifisert bemanning i barnehagane.
- Låg del med relevant utdanning i SFO.
- Relativt høgt fråfall i vidaregåande skule.
- Aukande grad av overvekt og livsstilssjukdomar blant vaksne.
- Einsemd og psykiske lidningar blant dei unge.

Basert på desse utfordringane og utviklingstrekk blei det vedtatt eit planprogram for samfunnsdelen (Vedtatt 15.09.16), med følgjande særskilte tema for vidare drøfting:

1. Folketal, demografi og bustadutvikling
2. Eit meir inkluderande samfunn
3. Helsefremjande arbeid
4. Klima, miljø og energi
5. Samfunns- og næringsutvikling
6. Kommunen som organisasjon – tenester og sektorar.

### **Planprosess og medverknadsstrategi**

Planprosessen for samfunnsdelen starta i september 2016. Kommuneplanen er viktig for alle som bur og driv næring i Lindås kommune. I arbeidet med planen ønskte administrasjonen å høyre kva ulike grupper i kommunen meiner om framtida si. Målet var å sikre brei medverknad på alle tema i planprogrammet.

Vi la opp til ein todelt prosess:

1. Open medverknad (november - februar)
2. Politisk prosess (februar - april)

### 1. Open medverknad

For å sikre aktiv og målretta medverknad er det gjennomført ulike medverknadsprosjekt for å nå så mange innbyggjarar og konkrete målgrupper som mogleg. Eit viktig mål for medverknadsprosessen har vore å møte innbyggjarane på deira arenaer, i tillegg har det vore aktiv bruk av sosiale media og digital kommunikasjon. For å skape eit ekstra engasjement kring prosessen, blei det laga eit framtidsbilete av grafisk designar og kunstnar Ingun Redalen White (Figur 1). Biletet er brukt aktivt i alle kommunikasjon, og har både engasjert målgruppene og profilert prosessen. Biletet skildrar alle åtte hovudtema som har vore utgangspunkt for medverknadsprosessen. Dei åtte hovudtema er:

- Regionsenterutvikling
- Attraktive nærmiljø
- Industri og næring
- Kultur og frivillig arbeid
- Klima og miljø
- Livsmeistring og fellesskap
- Kommunale tenester
- Samfunnstryggleik og beredskap



(figur 1)

Engasjementet og tala på innspel har vore høgt. Det er kome inn fleire tusen innspel frå ulike aktørar, næringsliv, innbyggjarar og tilsette i kommunen. Innspela frå dei ulike målgruppene er samla ni rapportar og blei overlevert til styringsgruppa (formannskapet) 23. februar 2017. Følgjande rapportar er overlevert til politisk nivå:

1. Melding frå ungdomane
2. Melding frå folket
3. Melding frå barna
4. Melding frå gjesteboda
5. Lag og organisasjonar
6. Tenketank for framtida
7. Administrasjonen
8. Politiske råd og utval
9. Melding frå HTV

#### **10. Politisk medverknadsprosess**

Rapportane og innspela frå medverknadsprosessen blei overlevert til politisk nivå i februar 2017. Innspela har danna grunnlaget for den politiske arbeidsprosessen som er gjennomført i mars og april.

Formannskapet er styringsgruppe for planprosessen og hadde ei arbeidssamling 16. mars. I denne samlinga arbeidde formannskapet med konkrete mål og strategiar under kvart av dei åtte hovudtema. Innspela frå gruppearbeidet i formannskapet blei samla i eitt felles arbeidsdokument, som kommunestyret jobba vidare med i ei arbeidssamling 30. mars. Alle innspel frå dei to politiske arbeidssamlingane er lagt inn i eitt felles arbeidsnotat som ligg ved den politiske saka.

#### **Vurdering**

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Som eit overordna og førande prinsipp, har rådmannen lagt vekt på å sikre ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og livskvalitet. Folkehelselova frå 2012 gir kommunane eit større ansvar for å førebygge god helse og livskvalitet til dei som bur i kommunen, og dette bør vere fundamentet for korleis samfunnet og tenestene til kommunen utviklar seg. I tillegg har rådmannen lagt vekt på å ha eit tettare samarbeid med frivillige for å nå mange av dei måla som ligg til grunn i samfunnsdelen.

I framlegget til ny samfunnsdel har rådmannen lagt vekt på det utfordringsbiletet som er skissert i utfordringsnotat (vedlegg 1) og helsetilstand og påverknadsfaktorar (vedlegg 2). I tillegg har rådmannen lagt vekt på innspela som er kome inn i medverknadsprosessen, både blant innbyggjarar og i dei politiske prosessane. Mange av innspela har vore særskilte konkrete, men ein ser likevel at mange av innspela kan danne grunnlag for eit overordna mål og eit strategisk vegval. Det er også lagt vekt på område der Lindås kommune har særlege fortrinn, til dømes i vidareutvikling av Mongstad og Knarvik. Sidan dette er viktige fortrinn for vidare vekst i kommunen, bør kommunen ha klare strategiar på korleis ein skal nytte dette fortrinnet.

I planprogrammet for samfunnsdelen blei det løfta fram nokre tema som særskilt skulle vurderast i planprosessen, basert på desse tema blei det utarbeidd åtte hovudtema som har vore ein del av medverknadsprosessen og som er ein del av strukturen i sjølve samfunnsdelen. Det åtte hovudtema er:

- Regionsenterutvikling
- Attraktive nærmiljø
- Industri og næring
- Kultur og frivillig arbeid
- Klima og miljø
- Livsmeistring og fellesskap
- Kommunale tenester
- Samfunnstryggleik og beredskap

### **Mål og strategiar**

Framlegget til samfunnsdelen er bygd opp rundt dei åtte hovudtema, og under kvart tema er det lagt inn overordna mål og strategiar som skal løyse definerte utfordringar og sikre ei ønska utvikling. Følgjande element har rådmannen lagt vekt på under dei ulike hovudtema:

#### **A. Regionsenterutvikling**

Knarvik er eit knutepunkt for kommunen og regionen, og det er eit mål i samfunnsdelen å utvikle regionsenteret til å bli ein attraktiv og levande by. For å få til det, er det lagt vekt på å utvikle eit attraktivt sentrum for bustad, næring, handel, rekreasjon og oppleving. I tillegg er det viktig å sikre

godt samspel mellom biltrafikk og mjuke trafikantar, og leggje til rette for samanhengande gang- og sykkelveggar. Det er viktig at regionsenteret utviklar kvalitetar og tilbod som gjer at det til eit føretrakt val for busetting, næringsutvikling og oppleving.

## **B. Industri og næring**

Næringslivet i Lindås og regionen har sterke industrielle tradisjonar med Mongstad som eit knutepunkt. Det industrielle miljøet og kompetansen på Mongstad er eit fortrinn som kommunen aktivt bør vidareutvikle. I tillegg bør kommunen også satse vidare på næringsutvikling i Knarvik-området. Det er også eit fortrinn for Lindås at marknaden i Bergen ligg i nærleiken. Kommunen bør aktivt utvikle grunnleggjande infrastruktur for næringslivet og ha byggeklare tomter som kan tiltrekke ny næring. I tillegg til å styrke det industrielle fortrinnet, er det også viktig at kommunen støttar opp dei som vil satse på nye næringar og nye idear.

## **C. Attraktive nærmiljø**

Lindås er ein kommune med stor geografisk utstrekning. Kommunen har tre definerte sentra, Knarvik/Alversund, Ostereidet og Lindås. For å få til ei heilskapleg utvikling av framtidige bustadområde og nærmiljø, er det viktig å kople utvikling av nye bustadområde med nærleik til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod. Rådmannen legg difor vekt på at nye bustadområde må bli konsentrerte til dei definerte sentra i kommunen. Spreidd busetnad bør skje i tilknytning til eksisterande bustadområde i bygder utanom dei definerte sentra. For å skape attraktive nærmiljø må ein også leggje til rette for gode og helsefremjande møteplassar, trygg ferdsel og aktivitet som inkluderer alle.

## **D. Kultur og frivillig arbeid**

Lindås kommune har eit rikt kultur- og idrettsliv og stor aktivitet i frivillige lag og organisasjonar. Det frivillige kulturlivet er ein viktig berejning i mange lokalsamfunn og er med på å skape arenaer som sikrar sosialt fellesskap og livskvalitet. Det er eit mål at kommunen skal eit breitt kultur-, idretts- og fritidstilbod som inkluderer og treff alle innbyggjarar, i tillegg til at kommunen i større grad skal nytte frivillige ressursar som støtte og supplement til dei kommunale tenestene. Frivillig arbeid vil også kunne spele ei viktig rolle i arbeidet med folkehelse.

## **E. Klima og miljø**

Vi må sikre ei samfunnsutvikling som gjer at folk enkelt kan ta miljøvenlege og energieffektive val i kvardagen. Det kan til dømes sikrast gjennom berekraftig utbyggingsmønster, som igjen sikrar redusert transportbehov. Vi må også sikre at kommunen sin vekst og utvikling er berekraftig og tilpassa klimaendringane som kjem, til dømes gjennom tydelige klima- og miljøkrav i all planlegging. I tillegg er det viktig at kommunen går framfor som eit godt eksempel på å skape eit miljøvenleg og energieffektivt samfunn, til dømes gjennom miljøvenlege transportløyningar og energieffektive kommunale bygg og anlegg.

## **F. Livsmeistring og fellesskap**

Det er viktig å utvikle eit samfunn som fremjar god helse og livskvalitet. Det å meistre eigen kvardag og ha god livskvalitet er avgjerande for kva helse ein har og kor mykje ein kan bidra og delta i samfunnet. Vi må særleg leggje til rette for eit samfunn der alle kan delta og bruke evnene sine uavhengig av bakgrunn. Her er det viktig å leggje vekt på inkludering og deltaking i barnehage, skule, fritid og arbeidsliv. I tillegg er det viktig at kommunen tar ei aktiv rolle for å fremje gode levevanar og førebyggjande arbeid.

## **G. Kommunale tenester – og kommunen som organisasjon**

Dei kommunale tenestene i framtida må vere tilpassa behova til innbyggjarane. Tenester må vere av riktig kvalitet, basert på dei behov innbyggjarane har. Det er difor avgjerande å involvere

innbyggjarane i større grad i tenesteutviklinga, i tillegg til at kommunen brukar ny teknologi og innovative løysingar i tenesteproduksjonen. Dette er viktig for å skape meir effektive og moderne arbeidsprosessar og løysingar som gjer at innbyggjaren kan løyse meir på eiga hand. For å få til ei slik utvikling er det viktig å sikre seg kompetanse til å løyse framtidige oppgåver og eit økonomisk handlingsrom til å investere i framtidretta løysingar.

#### **H. Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen har eit ansvar for å jobbe heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap. Det betyr at kommunen skal ha planar for ta vare på innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik, og kunne handtere uønska hendingar når dei oppstår.

#### **Føringar for arealdelen**

I den kommunale planstrategien, vedtatt 15.09.16, er det lagt inn at kommuneplanen sin arealdel skal rullerast med oppstart i haust 2017. Det er ikkje lagt opp til full revisjon av arealdelen, men av enkelte tema. Kommuneplanen sin samfunnsdel vil legge føringar for kva tema som skal vurderast i arealdelen. Som ein del av dokumentet er det lagt inn ei kolonne som skildrar kva føringar dei ulike strategiane legg for arealdelen. Dette vil vere eit grunnlag når arbeidet med planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel hausten 2017

#### **Handlingsdel og oppfølging i underordna planar**

For å sikre ei oppfølging av mål og strategiar i samfunnsdelen er det også lagt inn ei kolonne som skildrar korleis strategiane skal følgjast opp i underordna planar, eventuelt i konkrete tiltak. Denne delen blir rekna som handlingsdelen til samfunnsdelen. Handlingsdelen skal rullerast årleg i samband med handsaming av økonomiplanen.

#### **Rådmannen si vurdering av innspela i den politiske prosessen i mars/april**

Formannskap og kommunestyre har hatt to arbeidssamlingar i mars for å jobbe med mål og strategiar til samfunnsdelen. Alle innspel frå desse arbeidssamlingane er samla i eitt arbeidsnotat. Målet med arbeidsnotatet er å synleggjere samanhengen mellom administrasjonen sine innspel til mål og strategiar tidleg i prosessen, innspela frå dei politiske arbeidsmøta i formannskapet og kommunestyret og det endelege høyringsforslaget til administrasjonen. Rådmannen har arbeidd med alle tema i samfunnsdelen etter at formannskapet og kommunestyret hadde sine arbeidsmøte i mars, og har gjort fleire endringar i mål og strategiar i høyringsforslaget frå administrasjonen som blei lagt fram for formannskapet 27.04.17. I handsaminga av samfunnsdelen i formannskapet 27.04.17 (høyring og offentleg ettersyn), blei det lagt opp til at politisk nivå kunne legge inn att dei mål og strategiar det var politisk ønskje om å ha.

På møtet 27.04.17 valte formannskapet å utsetje å leggje kommuneplanen sin samfunnsdel ut på høyring. Politikarane bad om ei tydeleggjering av korleis det politiske arbeidet har påverka forslaget til administrasjonen, og ønskte eit nytt arbeidsmøte i styringsgruppa - for å gå gjennom alle måla og strategiane i administrasjonen sitt forslag til samfunnsdel.

#### **Ekstra styringsgruppemøte**

Datoen for det ekstra styringsgruppemøte med formannskapet er 29.05.2017. Målet med møtet er å

gå gjennom mål for mål, strategi for strategi.

09.05.2017 fekk styringsgruppa eit arbeidsdokument til førebuing i partigruppene. I innleiinga til dokumentet står det følgjande:

Ved eventuelle forslag til nye mål og strategiar, ønskjer vi (så langt det lar seg gjere) at partigruppene førebur skriftlege forslag til mål og strategiar. Forslaga kan anten vere heilt nye eller ei justering av administrasjonen sine forslag.

Alle forslag til endringar må bli formulert som mål og strategiar, slik:

- Mål: «**Vi vil at...**»
- Strategiar: «Dette skal vi få til ved å...»

Arbeidsdokumentet er basert på eit tidlegare notat, som vart til i samband med dei politiske arbeidsmøta i mars. Målet med begge dokumenta har vore å synleggjere samanhengen mellom administrasjonen sine innspel til mål og strategiar tidleg i prosessen, innspela frå dei politiske arbeidsmøta i formannskapet og kommunestyret og det endelege høyringsforslaget til administrasjonen. Det oppdaterte arbeidsdokumentet inneheld kommentarar som visar kva vurderingar administrasjonen har gjort.

Høyringsutkast til administrasjonen inneheld 8 tema, 15 mål og 80 strategiar. Administrasjonen har nummeret alle måla og strategiane, slik at det blir enkelt å diskutere innhaldet og kome med forslag til endringar. Administrasjonen sitt høyringsforslag står i kolonna som er markert med grøn bakgrunnsfarge. Kommentarene, som visar kva endringar administrasjonen har gjort, står i den raude kolonna heilt til høgre i dokumentet. Kommentarene synleggjer at administrasjonen gjort fleire endringar basert på innspela frå arbeidsmøta i formannskapet og kommunestyret.

## **Framdrift**

Samfunnsdelen blir deretter sak i formannskapet sitt møte 1. juni 2017.